



DET KONGELEGE
KOMMUNAL- OG REGIONALDEPARTEMENT

Pressemelding

Dato: 10. juni 2013

1,35 million kroner til Lokal samfunnsutvikling i Hedmark

Hedmark fylkeskommune har som mål å gjere kommunane dyktige til å utvikle attraktive lokalsamfunn ved å bygge kompetanse i kommunane.

Kommunal- og regionaldepartementet tildeler 30 nye millionar kroner til fylkeskommunane for at dei skal halde fram med å vidareutvikle si samhandling med kommunane.

- Mitt inntrykk er at mange kommunar no arbeider aktivt med å utvikle attraktive lokalsamfunn ved at dei samarbeider med fylkeskommunen om kompetanse og kapasitet, seier kommunal- og regionalminister Liv Signe Navarsete.

Hedmark fylkeskommune skal:

- Arbeide med å følgje opp og bistå lokalt forankra utviklingsprosjekt i kommunane Tolga, Alvdal, Hamar, Nord-Odal og Kongsvinger. Dei arbeider med stadutviklingsprosjekt. Kommunane Rendalen, Trysil og Eidskog med identitets-/omdømmeprojekt.
- Ha kvartalsvise samlingar (1-2) dagar med prosjektleiarane i kommunane, som gir læring på tvers.
- Utvikle kompetanse knytt til demokratiutvikling og arrangørkompetanse blant ungdom.
- Gjennomføre «utviklingsverkstad» i kvar deltakarkommune der ein arbeider med :
 - eigenrefleksjon i kommunen (status og utfordringar)
 - grunnlag for et skreddarsydd oppfølging og kompetanseopplegg

Kommunal- og regionaldepartementet sin pressetelefon: 22 24 25 00